



**Skijentene frå Uskedalen er stadig like flinke til å hevde seg også på bortebane. I helga har ein duo vore i aksjon i Øystese og på Voss.**

Laurdag gjekk Solveig Haugland (J 12) og Kari Bråtun (J 15) renn i Øystese Dei er på biletet over. Rennet heitte Kvammajakta og gjekk i stilarten duation som tyder skibyte. Solveig kom på femteplass og Kari vart nummer 2.

Sundag var det KM i klassisk stil i Bulken på Voss. Her var Kari og Ingebjørg Haugland med og begge vart krinsmeistrar - i 16- og 15-årsklassa (biletet under).

